

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2016	Formannskapet i Radøy	PS	18.02.2016
011/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1578	16/1779

### Søknad om å ettergje gjeld - kunstgrasbana i Austmarka

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Radøy IL søker Radøy kommune om tilskot på kr 261 582,- til dekking av restgjeld til Radøy kommune.

Radøy kommune stod som byggherre for kunstgrasbana i Austmarka i oppstarten, og hadde utgifter på kr 1 283 112,- før Radøy IL overtok som byggherre. Gjeldsposten på kr 261 582,- er restgjelda som står att etter at anlegget har fått momskompenasjon på kr 1 021 260,-. Beløpet inkluderer ikkje renter.

Radøy idrettsråd har hatt søknaden til uttale, og kom med følgjande innspel: «*Radøy ir støttar Radøy il sin søknad om stønad til Austmarka kunstgrasbane. Idrettsrådet er usikker på kvifor/korleis kostnaden er oppstått og samstundes om det er budsjettert med eigenkapital for anlegget.*»

##### Vurdering

Kunstgrasbana i Austmarka har vorte eit flott anlegg som vert nytta for det meste av Radøy/Manger fotballklubb. Anlegget vert også nytta til eigenorganisert aktivitet. Anlegget vart i si tid realisert med mellom anna økonomisk støtte frå Trond Mohn og ein betydeleg dognadsinnsats.

Radøy IL søker om tilskot på kr 261 582,- som altså er restbeløpet på gjelda på kr 1 283 112,- som Radøy IL hadde til Radøy kommune før momskompensasjonen på kr 1 021 260,- vart betalt inn i slutten av 2015.

Radøy kommune har i 2015 gjeve tilskot til kunstgrasbana ved Hordabø idrettspark og til skytebana i Stokkedalen. Kunstgrasbana på Bø fekk kr 400 000 fordelt over 10 år medan skytebana fekk kr 300 000 fordelt over fire år. Likheitsprinsippet tilseier at Radøy kommune også bør gi tilskot til kunstgrasbana i Austmarka, som det tidlegare ikkje er søkt om tilskot for.

Av rekneskapen for anlegget går det fram Radøy IL sit att med eit overskot på kr 78 801,-, om ein ser vekk frå gjelda til Radøy kommune. Rådmannen meiner det er rimeleg at dette overskotet vert innbetalt til Radøy kommune og at Radøy kommune slettar resten av Radøy IL si gjeld til kommunen som då er kr 183 051,-.

##### Konklusjon

Likheitsprinsippet tilseier at også Radøy IL bør få tilskot til kunstgrasbana i Austmarka. Rådmannen meiner at Radøy IL bør betala inn kr 78 801,-, som er overskot etter bygginga, til Radøy kommune og at Radøy kommune deretter slettar Radøy IL si gjenståande gjeld til kommunen som då er kr 183 051,-.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune ettergir gjeld til Radøy IL på kr 183 051,-.

**Kommunestyret i Radøy - 011/2016**

**KS - handsaming:**

Varaordførar Jostein Borlaug informerte om at han sit i styret i Radøy IL. Kommunestyret kjende han inhabil i saka, og Borlaug deltok ikkje i sakshandsaminga.

Kommunestyret vedtok samråystes formannskapet si tilråding.

**KS - vedtak:**

Radøy kommune ettergir gjeld til Radøy IL på kr 183 051,-.

**Vedlegg:**

Uttale frå idrettsrådet

Søknad om stønad til anlegget

Rekneskap

Revisjonsuttale